

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 4/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr: 132

SØKNAD OM TILSKOT – STØLSVEGEN NØSEN-BUKONO

Stølsvegen søker om tilskot til opprusting. Det er ikkje spesifisert søknadsbeløp, men veggen har eit kapitalbehov på kr 188.753 for året 2003. I søknaden er det rekna med vedlikehald inkludert grusing til kr 150.000, anlegg til kr 210.000 og diverse utgifter til kr 37.056.

Vegen er planlagt av landbruksavdelinga og planleggar Lundberg skriv i rapport dater 20.9.02 at dette er ein svært bra veg og at det i utgangspunktet ikkje skulle vera nødvendig å rette veggen meir. Det manglar noko på det periodiske vedlikehaldet slik som reinsk av grøfter og skrånningar. Kostnader til vedlikehald og anlegg er berekna til kr 170.100. Vedlikehald slik som grøftereinsk etc. er rekna til kr 120.000 og anleggskostnader utgjør etter dette ca. 50.000 kr.

Fjellstyret har normalt gjeve tilskot på 50 % av kostnadsoverslaget utan mva, men har i særlege tilfelle gjeve tilskot på inntil 75 %.

VEDTAK:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 25.000 til anleggsarbeidet. Vilkåret for utbetaling av tilskotet er at anlegget er gjennomført i samsvar med plan frå landbruksavdelinga i fylket

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsvegen Nøsen-Bukono v/Jon Bertil Løvbrand, 2960 Røn